

## FAU – Foreldrerådet sitt arbeidsutval

Alle kommunale grunnskular i Øygarden kommune skal ha eit arbeidsutval (Foreldrerådets arbeidsutval - FAU) som er velt av foreldrerådet på skulen. Alle foreldre som har barn på skulen, er automatisk med i foreldrerådet. FAU blir velta for å sikra at foreldra har ei stemme i skulen sitt arbeid og kan bidra til eit godt skulemiljø for elevane. FAU har rett til å uttala seg om alle saker som gjeld skulen.

### Organisering av FAU:

FAU vert sett saman av foreldrerepresentantar frå ulike klassar:

- **Val av representantar:** Foreldra på kvart trinn vel ein representant til FAU.
- **Leiar og styre:** FAU vel ein leiar og eventuelt eit styre med nestleiar, sekretær og kassarar.
- **Samarbeid med skulen:** FAU har jamlege møte med rektor og skuleleiinga for å diskutere aktuelle saker.
- **Tilknytning til samarbeidsutvalet (SU):** FAU vel to representantar til samarbeidsutvalet (SU), der leiaren av FAU er ein av desse.

### Oppgåvene til FAU:

FAU arbeider for eit godt samarbeid mellom heim og skule. Nokre av dei viktigaste oppgåvene er:

- **Vere foreldra si stemme:** FAU tek opp saker som er viktige for foreldre og elevane.
- **Bidra til eit trygt og godt skulemiljø:** FAU jobbar for tiltak som styrkar trivsel, motverkar mobbing og legg til rette for eit godt læringsmiljø.
- **Arrangere sosiale tiltak:** FAU kan organisere fellesarrangement som klassefestar, temakveldar, dugnader og andre sosiale aktivitetar.
- **Informere og involvere foreldre:** FAU skal halde foreldra oppdaterte om saker som gjeld skulen, og oppmode til engasjement.

FAU har rett til å uttale seg i alle saker som vedkjem skulen.

Døme på saker:

- Skulen sine planarbeid, mål og visjonar
- Kvalitetsutvikling og skulevurdering
- Forsøks- og utviklingsarbeid
- Gjennomføring og resultat på : Elevundersøkinga, Nasjonale prøver, Foreldreundersøkinga
- Informasjonsarbeid ved skulen
- Elev- og foreldremedverknad
- Organisering av undervisninga og spesialundervisning
- Skulemiljø, inkludert tiltak mot mobbing og antisosial atferd
- Budsjett
- Val av undervisningsmateriell
- Trafikksikringstiltak
- Elevbedrift
- Sosiale tiltak for elevene
- Arbeidet med det fysiske skulemiljøet
- Arbeidet med nærmiljøets trafikkforhold
- Å få et godt samarbeid mellom heim og skole

**FAU skal samarbeide med:**

- Leiienga og dei tilsette ved skulenSkolens ledelse og ansatte
- Elevrådet
- Foreldrekontaktane
- Resten av foreldra ved skulen

**Årsplan for FAU**

For kvart skuleår bør FAU lage ein møteplan. Nokre spørsmål som kan vere nyttige å stille seg:

- Skal vi vidareføre saker frå førre skuleår?
- Korleis skal vi handsame sakene?
- Er det saker som er ekstra viktige for oss dette året?

Ved å reflektere over desse spørsmåla kan FAU sikre at dei prioriterer riktig og bidreg til eit betre skulemiljø for alle.